

## Sensurvegleiing, utsett eksamen SPM351 hausten 2023

Uttrykket «dominerende maskulin eksponeringsindustri» finst hjå von der Lippe (2010) – som bygger på Helland (2003, 2007). Ho skildrar sportsjournalistikken som motoren i eit triangel beståande av a) mediefolk, b) utøvarar/leiarar/trenarar og c) sponsorar – dei aller fleste menn. Ho meiner sportsjournalistikken syner fram menn, mannsdominerte idrettar og mannleg makt, kort sagt. Svar på høgt nivå viser til kjelda, og helst til inspirasjonen i Helland, og forklarar uansett innhaldet med eigne ord. Det er også mogleg å reisa spørsmålet om kjønnsbalansen i dekninga har endra seg noko – sidan von der Lippes bok kom i 2010. Svar på høgt nivå drøftar utviklinga dei siste tretten åra, både med tanke på kva som støttar tesen til von der Lippe, så som forholdet kvinner vs menn i Norsk Sportjournalisters Foreining, og kva som truleg har blitt annleis etter fenomenet #Metoo. Døma som blir trekt fram, er relevante, og representative for sportsjournalistikken anno 2023.